

Styremedlemmer i Sjukehusapoteka Vest HF
Administrerende direktør i Sjukehusapoteka Vest HF
Riksrevisjonen

Dykkar ref.: Vår ref.:
2022/226 - 1568/2022

Sakshandsamar:
Ivar Eriksen

Dato:
16.02.2022

Innkalling til føretaksmøte i Sjukehusapoteka Vest HF 23. februar 2022

Helse Vest RHF kallar med dette inn til føretaksmøte i Sjukehusapoteka Vest HF onsdag 23. februar 2022 kl. 15.00, jf. helseføretakslova §§ 16 og 18. Møtet blir halde som felles føretaksmøte for dei underliggjande helseføretaka og gjennomført som telefonmøte – telefonnummer 800 88 860 og pinkode 640174.

Dagsorden:

1. Føretaksmøtet blir konstituert
2. Godkjenning av dagsorden
3. Styringsdokument 2022
4. Val av styremedlemmer, jf. helseføretakslova § 21
5. Fastsetting av styregodtgjering, jf. helseføretakslova § 21 tredje ledd
6. Endring av vedtektene

Styringsdokumenta for 2022 blei godkjent av styret i Helse Vest RHF i styremøtet 15. februar 2022 og vil bli gjort formelt gjeldande for helseføretaka i føretaksmøtet.

Føretaksmøtet skal fastsetje endringar i vedtektene og endringane skal gå fram av innkalling, jf. helseføretakslova §§ 12 og 18 og vedtektene § 16. Styret i Helse Vest RHF behandla den 8. desember 2021 sak om endringar i vedtektene i helseføretaka. Endringane gjeld i første rekke omsetting av vedtektene til nynorsk. I tillegg er det gjort ein gjennomgang for å sikre at vedtektene er i samsvar med gjeldande praksis for styring og oppfølging av helseføretaka.

I styremøtet i Helse Vest RHF blei det i tillegg behandla ei sak om endring av vedtektene § 15 som oppfølging av tilsvarende endring i Helse Vest RHF sine vedtekter vedteke i føretaksmøtet for Helse Vest RHF 10. januar 2022. Nye vedtekter for helseføretaket følgjer vedlagt.

Med helsing

Agnes Landstad
Styreleiar i Helse Vest RHF

Vedlegg:

1. Styringsdokument 2022
2. Vedtekter for helseføretaket

Dokumentet er elektronisk godkjent